

# FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 2 - APRIL 2019 - ÅRGANG 42



Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Kontortider:

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00

Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635

[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069

[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562

[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805



Framsidebilete:

Fra Fitjar weekend på Helgatun

*Foto: Rolf-Atle Rolfsnes*



Open 24/7



**Forhenget i tempelet skulle vera fargerikt og vakkert utsmykka. Men framfor alt skulle det vera solid. Det skulle skilje Det Heilage frå Det aller heilagste. Fleire hevdar at forhenget i tempelet var like tjukt som ein knyttneve. Dette forhenget markerte skilje mellom Gud og menneske. Gud er ein heilag Gud som ikkje tåler synd. Det var ein konsekvens av syndefallet i Edens hage at menneska no var skilte frå Gud.**

*Roald Drønen*

Øvstepresten gjekk inn i Det alle heilagste ein gong i året og hadde med seg blod for å gjera soning for folket sine synder.

Den dagen Jesus døydde på krossen, skjedde det store ting. Det vart mørkt over heile landet i tre timer, og forhenget rivna i to ovanfrå og heilt ned då Jesus ropa med høg røyst: «*Far i dine hender gjev eg mi ånd.*»


Då offiseren såg alt det som hendte i samband med Jesu død på krossen, lova han Gud og sa: «*Denne mannen var sanneleg rettferdig.*»

Forhenget som før skulle vera ein skiljevegg mellom Det heilage og Det aller heilagste var no borte. Synda som hadde hindra menneska samfunn med Gud, den var teke bort. Vegen til Gud var open.

Offerteneste i tempelet var no slutt. Ikkje noko stod igjen. Alt var sona. Jesu blod hadde sona synda til alle menneske og vegen til Gud er alltid open.

Difor har Jesu oppstoda på den tredje dagen vore kyrkja over heile verda og alle kristne sin store dag. Sidan Jesus døydde har vi feira Jesu oppstode med gudsteneste. Dette skjer kvar søndag ( og andre heilagdagar) over heile landet og i heile verda.

Vi har grunn til å syngja halleluja og ynskja kvarandre «*God påske!*».





# Konfirmantar i Røldal



Eg syns skidagen i Røldal var ein veldig kjekk dag. Det var ein fin måte å vere sosial på tvers av klassane. Det at me var heldige med været, gjorde at dagen blei endå kjekkare. Me stod på slalåm i bakkane der, og tok pause/matpause når me trøng det. Alle ungdommane virka nøgde med denne dagen. Veldig kjekt.

Malene Ahrens Halleråker

## "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 2. juni til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 19. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Trykkeri AS

# *Det var ein gong ei kyrkjestove ...*

I 1985 var den ny og fjong, men i løpet av åra var den blitt både sliten og mørk.

T: Anne Britt Tornes - F: Torbjørn Hovland

Så var det nokre damer i kyrkjeringen som sa (slik damer plar); Kva om vi malte og stelte denne stova? Jo, det var dei andre enige i, og så vart det gjeven ein lovnad om ein god slump pengar til dette – om berre soknerådet vart med.

Planar vart lagt og presentert for soknerådet – og sanneleg, dei var heilt med på planane! Med pengar også derifrå var ein klar for innsats.

Dugnadsfolket var ikkje seine å be! Før ein visste ordet av det, var stova blitt både lysare i leten og hadde fått staseleg nytt golv.

Etter lang og tru teneste både i kyrkja var ein enige om at det gamle kjøkkenet måtte sei takk for seg. Det vart opptil fleire turar på Ikea, og mange arbeidsøkter for snikkarane – så var eit moderne og fullt utstyrt kjøkken på plass.

Og møblar? Jo, som gode forvaltarar av pengar leita vi på Finn, og vi fann det vi såg etter i Bergen – bord for 20 -30 personar. Så flytta vi litt rundt på det vi elles hadde i kyrkja, og vipps – så var rommet møblert.

Gardiner kom på plass, kanon og lerret likeeins, og kunst til å dekorera veggane.

Og snipp – snapp – snute, så var innsatsen over, og rommet klart til bruk!

Tusen takk til alle som har vore med å pussa opp kyrkjestova, og til kyrkjeringen.

Utan denne innsatsen og den verdien dette representerer hadde vi ikkje klart å få eit så fint og godt rom, tenleg til mange slags bruk.



# Konfirmantoversikt

## Laurdag 11. mai kl. 11:00

Anna Sandvik Bø  
Torbjørn Eiken  
Maria Svåsand Korsvik  
Joakim Vesterheim Stadheim  
Even Torvund  
Henrik Træet  
Sondre Fitjar  
Lars Istdal Føyen  
Malene Ahrens Halleråker  
Katarina Bergesen Maraas  
Julie Torvund Midtsæter  
Tuva Nysæter  
Eirik Træet  
Mia Volden

## Laurdag 11. mai kl. 13:00

Joakim Malkenes Fitjar  
Stig Andre Maraas  
Brian Kvia Midttun  
Ida Marie Sandvik  
Ståle Gjøen Vestbøstad  
Lorentze Waage  
Sander André Aarskog  
Jonas Helland Forland  
Jennifer Helland  
Izak Håkonsen Michelsen  
Anna Havn Nesbø

Jone Tufteland Nesbø  
Katharina Skumsnes  
Andreas Ytrearne Helland

## Søndag 12. mai kl. 11:00

Vilde Heggøy  
Emma Baardsen Jørgensen  
Stian Larsen  
Isabell Fluge Rydland  
Lars Rydland Sæbø  
Emil Henriksen Sørfonn  
Andreas Vestbøstad  
Tori Vestbøstad  
Simon Hatlevik  
Markus André Maraas Jakobsen  
Angelica Tufteland Lundal  
Linnea Vestbøstad  
Jakob Myhre



# Konfirmant 2019

*Ditt barn eg no vil vera,  
min Gud og Fader god!  
Din vilje vil eg gjera,  
lær meg ditt ord og bod!  
Ber meg på dine hender,  
vis meg den rette veg,  
så kvar eg foten vender,  
eg alltid fylgjer deg!*

Norsk Salmebok nr. 644



# Soknerådsvalet nærmar seg

## Kanskje du skal vera med på lista til valet?

Til hausten er det soknerådsval. Det skal gjennomførast same dagen som kommunestyrevalet.

Harald Johan Sandvik

I desse dagar arbeider nominasjonsnemnda med å finna gode kandidatar til å stå på lista her i Fitjar.

Kanskje er det noko for deg?

Me har snakka med to av dei som går ut av soknerådet, og stilt dei nokre spørsmål:

- 1: Korleis har du opplevd det å vera medlem i soknerådet?
- 2: Kva har vore viktigast for deg i dette arbeidet?
- 3: Kva tenkjer du er dei viktigaste oppgåvene for det nye soknerådet?
- 4: Har du nokre gode ord til dei som lurer på om dei skal seia ja til å stå på lista?

**Mette Lambach** har vore med i ein periode, fire år.



Ho svarar:

- 1: Det har vore lærerikt og interessant å vera med. Kjekt å vera kjend med dei andre i soknerådet og staben i kyrkja.

Me kjenner på at me styrer noko saman.

2: Eg gjekk til val på å konsentrera meg om ungdomsarbeidet, men har meir og meir sett verdien av alt arbeidet. Har vore aller mest oppteken av å ha eit godt samarbeid med alt det gode frivillige arbeidet i bygda. Også det å sjå at alle jobbar mot det same målet, og å skapa ein aktiv og inkluderande kyrkjelyd.

3: Dei nye må velja sin veg og gjera det på sin måte. Me hadde inspirasjonshelg, det var svært nyttig. Dei nye må ta utgangspunkt i sine eigne ressursar og det dei er gode på, og setja inn trykket der. Men også vidareføra det aktive arbeidet som er, og inkludera alle.

4: Dersom du bryr deg om både staden du bur på og det aktive kristenlivet her, bør du engasjera deg. Kyrkja er ein stor, god og viktig organisasjon i bygda, og det er viktig å ta godt vare på den og halda den aktiv. Alle kan medverka til å synleggjera kyrkjelyden i bygda si.



**Rasmus Fitjar** har no vore med i to periodar, åtte år i denne omgangen, men også to periodar før mange år sidan, då han var kyrkjetenar.



Han svarar:

1: Det har vore kjekke år, der det har skjedd veldig mykje. Mange ulike oppgåver, nokre har vore vanskelege, andre enkle. Eg treivst, og difor sa eg ja til nyval for fire år sidan.

2: Med mitt tidlegare arbeid i kyrkja og på kyrkjegarden, var det naturleg at eg har hatt størst fokus på bygg og uteområde. Men dei andre oppgåvene følgde naturleg med.

Når det gjeld den åndelege sida, brenn eg for at dørstokken til kyrkja skal vera lågast mogeleg, slik at kyrkja skal vera mest mogeleg tilgjengeleg for alle.

3: Viktigaste oppgåvene for dei nye er å vidareføra saker som det er lagt grunnlag for i denne perioden. Ungdomsarbeid må ha fullt fokus. Men også det å samla kretene. Me er alle sterkare saman, når me drar i same retning.

4: Ingen må synast at dei er uverdige til å seia ja til å stå på lista. Er du medlem i kyrkja, bør du vera med og ta avgjerder også. Soknerådet skal syna eit breitt spekter av medlemene i kyrkja.

**Kyrkjevalet** vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 også lasta ned stemmesetlar.

#### **Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:**

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgra for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgra for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilboden i nærmiljøet ditt
9. Du får nytig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Kjelde: [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Diakonitur mandag 29. april

Turen går til **Tønnegarden i Holmefjord (Fusa)**

Middag og omvising ved tønnefabrikken, som fortsatt er i drift. Staden har ei koseleg stove der me skal eta middag og museum.

Kaffe og kaker ein eigna stad på veg heim.

**Møt opp i Sandvikvåg kl 09.30.**

Dei som treng skyss frå sentrum gir beskjed.

**Pris: kr 500,-**

**Påmelding innan 23. april til:**

Roald Drønen - tlf. 950 76 635 eller  
Annbjørg Tvedt- tlf. 470 18 264

Velkommen til ein triveleg vårtur!

Arr: Fitjar diakoninemnd

## Kva gjer soknerådet?

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

## Sommarjobb 2019

Me treng sommarvikarar på kyrkjegarden i tida 17. juni - 19. august.

Den som vert tilsett må vera over 16 år og snakka norsk.

Interesserte kan senda søknad til:

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no) innan 24. april.

Ta med i søknaden kva tid du har høve til å arbeide gjennom sommaren.

Meir informasjon er å få hos kyrkjeverje Harald Rydland, tlf. 913 47 802

## «Sjølvbetjent vårdugnad»

På gravplassen ligg det no store mengder greiner og lauv som er blåse ned i løpet av hausten og vinteren. Dette vil me gjerne få vekk før dei store høgtidene i vår.

Dersom nokon kan tenkja seg å hjelpe til med dette, er me svært takksame.

Me set ut river og trillebårer ved kyrkjegardshuset. Greiner og lauv kan tömmast ved sida av gravmaskinen.

Dugnad er kjekt og nytig!

Ta kontakt med kyrkjegardsarbeidar Kristian Skumsnes eller kyrkjeverje Harald Rydland for meir informasjon.

# Flott Fitjarweekend på Helgatun



Foto: Roald Lindås

Nesten 80 personar frå Fitjar reiste siste helga i mars på kyrkjelyds-weekend til Helgatun. Her fekk dei oppleva gode samlingar og godt fellesskap, god mat og kjekke aktivitetar i snøen - både i slalåmbakken og på skitur i lysløypa eller opp mot Revhaugen.

T/F: Rolf-Atle Rolfsnes - F: Ole Sandvik

For 14. gong var det Fitjarweekend på den flotte leirplassen i Myrkdalen, og det vart ei minnerik helg for både unge og eldre.

Både komitéen og mange andre gjorde sitt for at det vart ein fin helg med temaet «Nåde», og det var fine samlingar for både born, unge og voksne.

På laurdagskvelden var det underhaldning og konkuransar, der m.a. Rampete Robin og Perfekte Peter dukka opp. På søndag var det open gudsteneste der «Josef og brørne hans» synleggjorde på ein god måte kva nåde betyr.

Neste kyrkjelydstur til Helgatun vert 17.-19. april 2020. Velkommen tilbake då!



# Flott musikk-kveld i Fitjar kyrkje

28. mars var det duka for temakveld med dyktige lokale musikkarar i kyrkja.

Fjar ad hoc samla rundt 150 tilhøyrarar, og hausta ståande applaus og mykje vellæte etter ein flott kveld med variert musikk.

Her fekk me både viser, gospel, salmar, åndelege songar og folketonar. På enkelte songar fekk òg publikum vera med å syngja.

Her var det mange flotte musikkprestasjonar og soloprestasjonar.

Me takkar for ei eineståande fin stund.



*Fitjar ad hoc, f.v. Harald Rydland, Terje Træet, Gurid Refvik, Martin Hatlevik, Heine Bernt Helland og Ole Christian Ottestad.*

Foto: Torbjørn Hovland





# Reiseskildring frå den lange og mørke tunnelen



**Den 28. februar var det temakveld med forfattar og journalist Erling Rimehaug. Temaet var alvorleg og djuptgripande; «Kan Guds veg gå i mørke?»**

#### Torbjørn Hovland

Dette er spørsmål som Rimehaug sjølv har slite med, og som me finn heilt tilbake i klagesongane i det gamle testamentet. Boka «Sjelens mørke natt», skriven av den spanske munken Johannes av korset i 1577 opna augo til Rimehaug for at dette var eksistensielle kvaler som mange slit med. Han skreiv fleire artiklar i avis «Vårt land» om temaet, og desse vart deretter samla i boka «Når Gud blir borte» for mest 20 år sidan. Ho fekk positiv respons frå mange med liknande opplevingar. Den neste boka «Tørsten gir lys» fekk Emmaus prisen i 2007 for beste kristne bok.

Når ein opplever åndeleg mørke og at Gud er langt borte frå oss, er det lett å tenkja at det er fordi det

er noko gale med oss eller kristenlivet vårt. Men mørket kan også vera eit teikn på at Gud arbeider med oss, sjølv om den som er i mørket trur at det vert permanent.

Erling Rimehaug hadde vonde opplevingar i nær familie, tross langvarig forbørn. Han følte seg svikta av Gud og var sint på Gud. Og han minnest Jesus fortvila rop på korset: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlatt meg?» Då Rimehaug hadde slutta å lesa i Bibelen, næraast resignert, braut lyset gjennom. Og som når ein har køyrt gjennom ein lang og mørk tunnel, er landskapet forandra når ein kjem ut i lyset på andre sida. Foredraget var ei stillferdig reiseskildring frå ein lang, mørk og sønderslitande etappe i livsreisa. Rimehaug fortalte at ein vanleg reaksjon på foredrag hans var tilhøyrarar som sa: «Slik har også eg følt. Kvifor snakkar me så lite om dette?»



**Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Ein viktig del av misjonsarbeidet i Mali er å omsetja Bibelen til fulani. Dei første misjonærane som kom til Mali på midten av 80-talet hadde berre delar av Markus-evangeliet tilgjengeleg på det lokale språket. Om lag 20 år seinare var heile Det Nye Testamentet ferdig omsett. Sidan den gong har nye arbeidarar komne til, og dei har jobba med å omsetja Det Gamle Testamentet. No er ein del bøker frå GT ferdige, men det er framleis mykje att å gjera. Anne Lise Matre frå NMS var med å omsetja NT. Etter ein pause på nokre år, er ho igjen med i omsetjarteamet, denne gongen for å omsetja GT.**

Helga Rimmereid/Anne Lise Matre

Det har ein periode vore pause i omsetjingsarbeidet. Årsaka har vore at ein ynskjer å utdanna den lokale medarbeidaren, Moussa, for å styrka arbeidet på sikt. Moussa er Anne Lise Matre sin nærmeste medarbeidar. Han studerer i år hebraisk og gammaltestamentleg eksegese på FATMES, eit teologisk fakultet i Bamako som NMS er med og støttar. I tillegg studerer han engelsk, og han skal prøva å ta gymnas-eksamen i løpet av to år.

Moussa gjekk aldri på skule som born, men lærte å lesa av nokre misjonærar i heimlandsbyen Konza. Som ung gut hadde han ofte ei bok med seg medan han var ute og gjeta. Medan dyra beita, lærte Moussa seg å lesa. Han les heilt flytande, betre enn mange som har gått på skule heile sitt liv. Etter kvart fekk Moussa også kristen opplæring, og har gått to år på bibelskule.

No har Moussa vore tilsett i 3 år som medarbeidar i bibelomsetjingsarbeidet, og erfaringane med arbeidet hans er udelt gode. Moussa er både intelligent og kunnskapstørst, i tillegg til at han er flink i fulani og ynskjer at omsetjinga skal vera vakker språkleg sett. Me trur difor at me har funne den rette personen til å vera med å gjera ferdig omsetjinga av Det Gamle Testamentet til fulani, og ønskjer difor å utdanna han til å kunna gjera ein best mogeleg jobb i framtida.

Takk for at de er med å be for Moussa og familien, og for studiane hans!

Det vert høve til å gje ei gåve til misjonsarbeidet i Mali under gudstenesta i Fitjar kyrje 1. påskedag





## Palmesøndagsord

Leit etter ord frå forteljinga i Markus 11 om Palmesøndag.  
Orda står framleangs, baklengs, nedover og på skrå.

A	F	D	L	I	N	T	G	S	J
E	S	E	L	N	N	G	E	K	J
S	E	B	P	N	O	V	D	R	E
R	G	S	O	T	J	E	G	E	R
E	N	D	R	O	S	L	N	J	U
N	O	T	L	G	E	K	E	O	S
N	K	E	E	G	S	O	M	I	A
E	E	M	B	L	O	M	E	A	L
V	S	P	U	E	R	S	K	E	E
F	H	E	J	D	P	T	L	E	M
U	C	L	L	E	Y	G	O	I	K
					D	M	F	I	G

Jubelrop  
Jerusalem

Inntog  
Konge

Folkemengde  
Velkomst

Venner  
Glede

Esel  
Prosesjon

Tempel

# Prest mot alle odds!

Roald Drønen i samtale med soknepresten på Tysnes i Fitjar kyrkje



Marit Isaksen Espedalen kom til Tysnes som sokneprest for over 20 år sidan. Det var ikke berre enkelt å koma som kvinneleg prest til Sunnhordland på den tida. Både prestekollegar og andre kunne ytra seg mot dette «uvesenet». Framleis opplever Marit at hennar kjønn som kvinne set stengsler i det kallet ho står i, når nokon ikkje ynskjer å ha kvinneleg prest ved gravferd og andre kyrklelege handlingar.

Torsdag 25. april vil Marit vitja oss i Fitjar på temakveld og fortelja om livet som «Prest mot alle odds!».

Song av Karine Lillenes, akkompagnert av Bent-Jarle Brenne.



## Venestemne på Stranda bedehus

30. mai kl. 11.00 og 13.30

Roald Drønen og Marit Hårkau Ådnanes  
Song av Lovsangsbrødrene på første møte  
Matservering mellom møta

## Stranda bedehus

### Basar for NMS

laurdag 27. april kl. 15.00  
Andakt:  
Håkon C. Hartvedt

## Takk for gaver!

Minnegåve i Serina Hatlevik  
si gravferd, kr. 5.065,- til  
ungdomsarbeidet i Fitjar kyrkje.  
Anonym gave, kr. 10.000,- til  
kyrkjelydsarbeidet.

## Fitjar Bedehus



- |                   |      |   |
|-------------------|------|---|
| 14.04.            | 1600 | Familiemøte - Palmesøndag                 |
| 18.04.            | 1930 | Nattverdmøte                              |
| 19.04.            | 1930 | Langfredagsmøte: Ingebrigt Sørfonn        |
| 21.04.            | 1930 | 1. påskedagsmøte: Håkon C. Hartvedt       |
| <b>24.-28.04.</b> |      | <b>Møteveke IMF v/Tor Ingvald Lauvrak</b> |
| 05.05.            | 1930 | Søndagsmøte                               |
| 17.05.            | 1700 | 17. mai-fest: Arne Lindekleiv             |
| 19.05.            | 1930 | Søndagsmøte                               |
| 22.05.            | 1930 | Nattverdmøte                              |
| 26.05.            | 1930 | Søndagsmøte m/forbøn                      |
| 02.06.            | 1930 | Søndagsmøte                               |
| 09.06.            | 1600 | Familiemøte                               |
| 16.06.            | 1930 | Søndagsmøte                               |

Sjå også [www.fitjar-bedehy.no](http://www.fitjar-bedehy.no)



## Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2019



fotograf: Morten Kaare-Hansen



31.mai

"Körperler frå  
fleire århundre"  
Grex Vocalis,  
dir. Carl Høgset



Gjestekor: Corona  
dir. Irene Simonsen

arr.: temakveldgruppa/  
soknerådet



55 60 18 20

VAREHUSET **RYDLAND** Velkommen til ein trivselig handel på Fitjar

**EURONICS**  
fagmobler

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.as](http://www.rydland.as)

post@rydland.as



No kan du bestille time på nett:  
[www.leditime.no](http://www.leditime.no)

**OPNINGSTIDER:**  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72



TLF:  
916 46 123



Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerevvegen 55  
5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)



Mobilnr:  
975 02381



Port Steingard AS  
v/Johs Sandvik  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961



Fitjar  
Bygdekvinnelag



[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)



**OPNINGSTIDER:**  
Män,tirs,fre..... 9-16  
Ons,tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in)..... 10-13

Treff oss i 2. etg.  
i Larsen bygget

Fiks frisyren  
hos oss!

For timebestilling ring:  
53 49 78 90



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr: 951 89950

**Fitjar Posten**

E-POST: [post@fitjarposten.no](mailto:post@fitjarposten.no) - MOB: 476 52 527

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**Husflidskrona**

Tlf: 53 49 79 60



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Ledig annonseplass



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Fitjar  
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &  
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



Aarskog  
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPENOR - 5419 FITJAR  
Tlf. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

Vi følger deg hele livet



Kontaktinfo:  
Torunn K. Aarskog  
404 04 146



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



KVERNENES  
BÅTBYGGERI

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalveid 37, 5410 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, [baatbygga@kvernenesbaat.no](mailto:baatbygga@kvernenesbaat.no)



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

Videoen  
Kiosk



Vågen's kro  
og catering



48 04 19 09

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Fitjarøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
E-mail: [post@heimli.com](mailto:post@heimli.com) - Web: [www.heimlihipdesign.com](http://www.heimlihipdesign.com)



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR

Ledig annonseplass



# Slekters gang

## Døypte:

**17.02.**

Ronja Vårin Rydland  
Johanne Sørfonn Dalen

**24.02.**

Anker Severin Marås  
(Stedje kyrkje, Sogndal)

**10.03.**

Sanna Angelica Aarskog  
Olivia Aarskog Laastad  
Maja Helland Haukaas

## Jordfeste:

Marit Norveig Nesbø

f: 09.02.1040 d: 04.01.2019

Bjarne Nesbø

f: 16.08.1930 d: 12.02.2019

Marta Elisabeth Helland Rubach

f: 02.07.1947 d: 13.02.2019

Anna Ragnhild Gloppen

f: 04.04.1922 d: 27.02.2019

Serina Johanna Hatlevik

f: 16.05.1918 d: 08.03.2019



## Vigde:

**23.02.**

Sarah Oktavia Turnip og  
Eirik Muri Slettebø

# Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer formål
14.04.	11:00	Dåp, Nattverd	Gunnvald Bjotveit	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
18.04.	11:00	Skjærtorsdag	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
19.04.	11:00	Langfredag	Roald Drønen	Jan Overweg	Ikkje offer
21.04.	11:00	1. påskedag, Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	NMS - Misjonsprosjektet
22.04.	11:00	Dåfjorden Slipp	Roald Drønen	Harald Rydland	Dåfjord bedehus
28.04.	11:00	Fam.gudst. Barnas påskefest, Utdeling av bok til 6-åringane	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet/ Fitjar barnegospel
05.05.	11:00		Roald Drønen	Jan Overweg	Kirkens Nødhjelp
08.05.	18:00	Samtalegudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	
11.05.	11:00/13:00	Konfirmasjon	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
12.05	11:00	Konfirmasjon	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
17.05.	11:00	Familiegudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
19.05.	11:00	Dåp, Nattverd	Jan Ove Totland	Jan Overweg	Åpne Dører
26.05.	11:00	Dåp, Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
30.05.	11:00	Venestemne Stranda bedehus	Roald Drønen		
02.06.	11:00	Dåp, Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
09.06.	11:00	Nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	Misjonsprosjektet NMS
10.06.	12:00	Friluftsgudst. Kidnavatnet	Roald Drønen		Kyrkjelydsarbeidet
16.06.	11:00	50-årskonfirmantar	Roald Drønen	Jan Overweg	Tro og Medier